

Ressursar på rett veg

A wide-angle photograph of a winter landscape at sunset. The sky is a gradient from blue to orange and yellow. The sun is low on the horizon, casting a warm glow. In the foreground, there are dark silhouettes of snow-laden pine trees. Between them, a field of snow-covered ground stretches towards the horizon. In the distance, there are dark, silhouetted mountain peaks. The overall atmosphere is peaceful and natural.

Årsrapport 2017



SIMAS
Ressursar på rett veg



#ressursarpårettveg

2017 vart eit spesielt år for SIMAS. Spennande, utfordrande - og so langt det året me har landa flest prosjekt.

ÅRET STARTA med store prosjekt som skulle avsluttast. SIMAS gjennomførte eit investeringsprogram som gjer infrastrukturen i verksemda betre rusta. Samtidig begynte me å planlegge og implementere eit nytt tenestetilbod som vil gjere tilboden vårt betre for abonnementane.

AT RENONORDEN sleit økonomisk, vart kjend tidleg på året. Renovatøren hadde ansvar for det meste av avfallsinnsamlinga for våre abonnementar, og hadde diverse inngått andre anbod som var svært tapsbringande. Ut over våren og sommaren vart det tydeleg at selskapet ville gå konkurs om ikkje selskapet fekk reforhandla desse kontraktane. Dette gikk ikkje som ønska, og i september vart selskapet slått konkurs.

KONKURS for RenoNorden var eit utfall me allereie hadde drøfta. Styret og administrasjonen hadde laga ein handlingsplan om so skulle skje. Resultatet vart at SIMAS no tek hand om innsamlinga på hushaldsrenovasjon og vil gjere dette inntil vidare.

FRAMOVER vil me sjå at «det grøne skiftet» og «overgang til sirkulær økonomi» vil prega utviklingstrekka i bransjen.

Hallvard Thomassen
direktør

Dette er òg det som dannar ramma for SIMAS sin strategiplan «Avfall 2020». Etter kvart etablerast nye verksemder som er interessert i utvalde avfallstypar. Dette kan skapa aktivitet og arbeidsplassar i vår region. Vi ser no at prisbildet vil bli endra ut frå ny konkurrancesituasjon. Vårt datterselskap, SIMAS Næring AS, har fleire spennande prosjekt på gang innan dette området, og me håpar fleire aktørar i regionen vår kan vera med oss. «Ressursar på rett veg» er ein god visjon å jobbe etter.

ABONNENTANE si haldning til kjeldesortering er heilt avgjerande for å få til kostnadseffektive løysingar. God sortering sparar SIMAS mykje ekstraarbeid. Vi ønskjer med vårt informasjonsarbeid og nytt tenestetilbod, å legge forholda til rette for betre sotering. Til flinkare me blir i heimen, til meir sparar me miljøet. Difor oppmodar me alle til å nytte www. simas.no aktivt og følgje oss på Facebook. Her gir me nyttig informasjon og lure tips til våre abonnementar.

TAKK TIL alle tilsette, abonnementar, samarbeidspartnerar, kundar og eigarkommunar for eit godt samarbeid i 2017. Me gler oss til fortsettinga.

Visste du at?

SIMAS står for Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallselskap.


Om SIMAS IKS

- Kommunane har ansvaret for handtering av hushaldsavfallet (forureiningslova)
- I vår region er arbeidet delegert til oss i SIMAS IKS, på vegne av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik.
- Årdal kommune er medeigar, men handterer avfallet sjølv.
- Vi handterer avfallet til ca. 27.300 innbyggjarar.
- Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen, Kaupanger. Her er det òg miljø- og avfallsstasjon, sorteringsanlegg, komposteringsanlegg, omlastningsstasjon for restavfall og deponi for deponiavfall.
- 36 fast tilsette i 2017.
- Drifter miljøstasjonar i dei ulike kommunane.

SIMAS Næring AS

- Etablert som eige selskap for næringsavfall i 2015.
- Datterselskap til SIMAS IKS.
- Har ansvaret for alle ikkje lovpålagede renovasjonsoppgåver.
- Skal vera eit virkemiddel for SIMAS IKS til å sikre tilgang på næringsavfall, samt å arbeide med utviklingsoppgåver innan avfallshandtering.

SIMAS si plassering i verdikjeda er vist i figuren nedanfor



Kva er vår oppgåve?

MILJØ: Me legg særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandteringa. SIMAS skal, i samarbeid med kommunane, informera abonnementane om drifta av selskapet. Her skal me legge vekt på å gje auka kunnskap og forståing av miljøvenlege handteringsmetodar.

AUKA RESSURS-UTNYTTING: Selskapet skal samordna kommunane sitt arbeid med å hindra avfallsproduksjon, redusera avfallsmengdene og auka utnyttinga av ressursane i avfallet. Håndtering av avfallet skal skje på basis av økologiske prinsipp, samstundes som sentrale miljøkrav vert stetta. Selskapet skal òg vera pådrivar ovanfor eigarkommunar, lokalt næringsliv og innbyggjarar innan avfallsområdet.

TRE ARBEIDSMÅL: Me er organisert med tre hovudarbeidsområde: innsamling, handsaming og avhending av avfall. Avfallsloysinga kan opplevast ulikt i området selskapet opererer i, då vi bur i ein region med store geografiske avstandar.



Strategiplan «Avfall 2020»

SIMAS har utarbeida ein strategiplan for 2016–2020. Me jobbar målretta for å oppretthalde og vidareutvikle miljøstandaren, effektivisere støttefunksjonar, betre kundetilfredsheit og tenestestandard, gjennomføre kompetansebygging, og å legge til rette for eit godt arbeidsmiljø med lågt sjukefråvær.

Overordna visjon: Ressursar på rett veg

Kjerneverdiar: Nytenkjande, engasjert og stolt - med kunden i fokus

Målsetting

SIMAS har utarbeida delmål og operative mål, som er konkretisert i handlingsplanar, for tre utvalde strategiområder:



OVERORDNA MÅL: KOMPETANSE OG HMS

- SIMAS skal ha fornøyde medarbeidarar i resultatorientert flat organisasjon med klare mynde- og ansvarsforhold.
- Vi skal ha mindre enn 10% i raud sone på den interne temperaturmålinga.

OVERORDNA MÅL: RESSURSAR OG KVALITET

- SIMAS skal utnytte verdiane i avfallet, og bidra til minst mogeleg utslepp av klimagassar og miljøgifter, på ein kostnadseffektiv måte.
- Gebyret på standard abonnement skal ikkje vera høgare enn for andre selskap med liknande renovasjonsordning.

OVERORDNA MÅL: KUNDAR OG SAMFUNN

- SIMAS sine kundar skal vera minst like fornøyde som abonnementane i andre regionar som det er naturleg å samanlikna seg med.
- Kundetilfredsheten skal vera over 80%.



Eigar- og ansvarsdel

Eigar- og ansvarsforholda i verksemda er fordelt ut frå folketal i respektive eigarkommunar.

Kommune	Antal innbyggjarar	% eigardel	Andel av total gjeld 31.12.17	Andel av langsiktig gjeld 31.12.17
Aurland	1 778	5,4 %	kr 3 971 250	kr 3 487 204
Balestrand	1 262	3,8 %	kr 2 818 739	kr 2 475 169
Høyanger	4 154	12,6 %	kr 9 278 163	kr 8 147 269
Leikanger	2 345	7,1 %	kr 5 237 673	kr 4 599 265
Luster	5 223	15,8 %	kr 11 665 827	kr 10 243 906
Lærdal	2 153	6,5 %	kr 4 808 831	kr 4 222 694
Sogndal	8 059	24,4 %	kr 18 000 172	kr 15 806 173
Vik	2 674	8,1 %	kr 5 972 510	kr 5 244 535
Årdal	5 359	16,2 %	kr 11 969 590	kr 10 510 644
SUM	33 007	100,00 %	kr 73 722 756	kr 64 736 860

Organisering av verksemda

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Eigarkommunane vel ni medlemmar til representantskapet. Styret har fem medlemmer og tre varamedlemmar, valde av representantskapet. Direktøren står ansvarleg for den daglege drifta av SIMAS.



Representantskapet

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og vedtekter. I 2017 handsama representantskapet dei faste sakene etter selskapsavtala.

Styret i 2017


- Jøril Hovland, Sogndal kommune (leiar)
- Jan Roy Dalheim, Årdal kommune (nestleiar til 21.04.17)
- Åge Skrede, Balestrand kommune (nestleiar frå 21.04.17)
- Edith Valeberg Eggum, Leikanger kommune
- Ingebjørn Gil, Høyanger kommune
- Ivar Kvalen, Luster kommune

1. vara Geir Ove Bøthun, Vik kommune
2. vara Margunn Hylland, Aurland kommune
3. vara Alf Magne Hjellum, Lærdal kommune

Styret hadde åtte møte i 2017, der eitt av møta var styreseminar i lag med dei tilsette. Dei viktigaste sakene utanom årsmelding, rekneskap, budsjett og investeringsplan, var arbeidet med konkursen i RenoNorden AS. Styret fokuserer særleg dei områda i drifta og i administrasjonen som har avvik frå ordinær drift.

Organisering



SIMAS Nærings AS leiger tenester og oppgåver hjå SIMAS IKS.



Årsrapport 2017


Generelt

I 2017 handterte me cirka 25.000 tonn avfall. Samla volumutvikling av avfallet er relativt stabil og held seg mellom 20.000 - 25.000 tonn i året. Endringane er for det meste knytt til innkjøring av dekkmassar i samband med ulike prosjekt. For enkelte hovudavfallstypar er utviklinga som vist på neste figur.



Gebyrendringar 2011-2017

Selskapet vert drive etter sjølvkostprinsippet innan hushaldsavfall og slam. Det har vore små endringar i gebyret dei siste åra. Figuren viser %-vis endring i gebyra dei siste 7 åra, saman med konsumprisindeksen.



Innsamling av avfall

SIMAS IKS har nytta underleverandør til å samle inn avfall. RenoNorden har totalt sett gitt det beste tilbodet dei siste to anbodskonkuransane. SIMAS Næring AS hadde i tillegg kontrakt med RenoNorden på køyring av containerar på næringsavfall.

Oppgåva med å samle inn hushaldsavfall har fungert tilfredsstillende. Då det vart kjent at RenoNorden hadde økonomiske utfordringar, starta me arbeidet med å finne ei alternativ løysing. Konkursen i RenoNorden kom likevel tidlegare enn forventa. Dette gjorde arbeidet med å få på plass ei ny løysing krevjande.

Det vart stopp i køyringa i SIMAS-regionen i ein dag, men dette vart løyst med ekstra køyring den påfølgande dagen. SIMAS IKS kjem inntil vidare til å utføre køyring av hushaldsavfall i eigen regi. Oppgåvene som vart omfatta av konkursen vert fordelt slik:

Prinsipp for transporten

SIMAS IKS
Lovpålagt
Komprimator og Miljøstasjon




SIMAS Næring AS
Ikke lovpålagt
Utleige konteiner



Sjukefråvær

Sjukefråveret i SIMAS har vore for høgt. Me hadde som mål å halvere dei høge tala frå 2015 ila 2017. Det har me klart. SIMAS er særskilt utsatt for fråvær, og det må arbeidast vidare for å unngå det store fråværet. Figuren til høgre viser fråværet fordelt på lang- og korttidsfråvær.



Årsmelding frå styret

Om verksemda

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 669 innbyggare. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for handsaminga av alt hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

Resultatet

Omsetninga i selskapet i 2017 var på 69,8 millionar kroner, dette er 4,58 millionar kroner meir enn i 2016. Resultatrekneskapen syner eit samla overskot på 0,85 millionar kroner i 2017 før skatt. I 2016 var det underskot på 0,62 millionar kroner etter skatt.

Eigendar, utgjer 96,4 millionar kroner, der eigenkapitalen er på 20,5 millionar kroner og samla gjeld utgjer 75,8 millionar kroner. Den langsigtige lånegjelda utgjer 61,1 millionar kroner, mot 54,5 millionar kroner pr 31.12.16. SIMAS har ei låneramme på 65 millionar kroner, som eigarkommunane godkjende i 2014.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilet av SIMAS sine eignelutar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat. Føresetnaden for fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapen for 2017 er sett opp med denne føresetnaden.

Disponering av overskot

Overskotet etter skatt på kroner 182.232 er overført til eigenkapitalen.

Finansielle investeringar

Verksemda har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i verksemder knytt til drifta av verksemda. Av samla midlar utgjer akseposten om lag 2 %. SIMAS IKS eig SIMAS Nærings AS med aksjekapital på kr. 500.000,-

Arbeidsmiljø og personale

SIMAS har ved utgangen av 2017 36 fast tilsette. I tillegg har det vore leidt inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt.

Det samla sjukefråveret var i 2017 på 5,4 % mot førre år 6,8 %. Langtidsfråveret utgjer 3,8 % og korttidsfråveret 1,6 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær. SIMAS IKS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkerar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ute.

Ytre miljø

Selskapet har fleire aktivitetar for å halde skadedyr borte frå hovudanlegget i Festingdalen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og årleg gjennomfører med ryddedagar på anlegget.

Kvar år måler vi karakteren på sigevatnet, og i 2017 hadde same karakter som året før, Totalutsleppet auka mot året før, men det vil variere grunna svingangar nedbørs-

ÅRSMELDING 2017 SIMAS IKS

mengdene i området. Det er installert system for oppsamling av deponigassar og den innsamla gassen vert avfakla i eige anlegg. Me registrer årleg ei positiv utvikling av desse verdiane.

Framtida

SIMAS fekk i 2016 ny strategiplan – Avfall 2020 – som dannar ramma for utviklinga av verksemda. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming. Styret er opptekne av at selskapet skal vere ein sentral kompetansebedrift innafor avfalls-handtering i regionen. Samstundes ønskjer styret å legge til rette for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i ressursane verksemda samlar inn.

Den daglege drifta i verksemda har følgjande hovudfokus:


- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og påverke haldningane med avfallssortering, og sette fokus på mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk
- Fylgja opp kundeavtalane, kvalitetssikre og handsama søknader raskt og rettvist.
- Auka gjenvinningsgraden på avfallet som SIMAS tek imot og håndsamrar.
- Etablere SIMAS Nærings AS som aktiv aktør i den konkurranseutsette marknaden

Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnalar for godt samarbeid.

Kaupanger 03.04.2017


Jøril Høyland
Styreleiar


Age Skrede
nestleiar


Ivar Kvalen
styremedlem

Edith Valeberg Eggum
styremedlem

Ingebjørn Gill
styremedlem

Hallvard Thomassen
Direktør



RESULTATREGNSKAP

SIMAS IKS

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2017	2016
Salgsinntekt		69 708 741	65 173 728
Annen driftsinntekt		86 350	40 450
Sum driftsinntekter		69 795 091	65 214 178
Varekostnad		24 961 260	27 625 264
End. beh. varer u.tilv. og ferdigvarer		-176 918	-87 125
Lønnskostnad	2, 7	16 882 127	14 803 038
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	6 512 061	7 657 279
Annen driftskostnad	2, 6	19 904 837	14 958 700
Sum driftskostnader		68 083 368	64 957 156
Driftsresultat		1 711 723	257 022
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		120 050	95 170
Annen rentekostnad		977 724	974 491
Resultat av finansposter		-857 674	-879 321
Ordinært resultat før skattekostnad		854 049	-622 299
Skattekostnad på ordinært resultat		671 817	0
Ordinært resultat	8	182 232	-622 299
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER			
Årsresultat		182 232	-622 299
OVERFØRINGER			
Avsatt til annen egenkapital		182 232	0
Overført fra annen egenkapital		0	622 299
Sum overføringer		182 232	-622 299

BALANSE

SIMAS IKS

EIENDELER	Note	2017	2016
ANLEGGSMIDLER			
IMMATERIELLE EIENDELER			
Utsatt skattefordel		196 197	196 197
Sum immaterielle eiendeler		196 197	196 197
VARIGE DRIFTSKOSTNADER			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom		64 513 793	57 808 732
Maskiner og anlegg		2 640 000	3 245 204
Driftslosøre, inventar o.a. utstyr		5 849 711	6 037 707
Sum varige driftsmidler	3	73 003 504	67 091 644
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER			
Investeringer i datterselskap		506 797	506 797
Investeringer i aksjer og andeler	4	209 651	209 651
Andre langsiktige fordringer		225 188	192 988
Sum finansielle anleggsmidler		941 636	909 436
Sum anleggsmidler		74 141 337	68 197 277
OMLØPSKOSTNADER			
Lager av varer og annen beholdning	1	481 042	304 125
FORDRINGER			
Kundefordringer	1	3 892 813	6 620 782
Andre kortsliktige fordringer		1 949 369	7 464 727
Sum fordringer		5 842 182	14 085 509
INVESTERINGER			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	16 304 681	4 967 120
Sum omløpsmidler		22 627 905	19 356 754
Sum eiendeler		96 769 242	87 554 031



SIMAS IKS
NOTAR TIL REKNESKAPEN 2017

BALANSE			
SIMAS IKS			
EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2017	2016
INNSKUTT EGENKAPITAL			
Aksjekapital		19 853 263	19 671 031
Sum innskutt egenkapital		19 853 263	19 671 031
OPPTJENT EGENKAPITAL			
Sum egenkapital		19 853 263	19 671 031
GJELD			
AVSETNING FOR FORPLIKTELSER			
ANNEN LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til kreditinstitusjoner	6	61 107 364	54 550 472
Øvrig langsigkt gjeld		3 885 200	3 535 200
Sum annen langsigkt gjeld		64 992 564	58 085 672
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		5 928 692	7 010 619
Skyldig offentlige avgifter		1 454 971	1 044 067
Annen kortsiktig gjeld		4 539 752	1 742 642
Sum kortsiktig gjeld		11 923 415	9 797 328
Sum gjeld		76 915 979	67 883 000
Sum egenkapital og gjeld		96 769 242	87 554 031

Sogndal, 03.04.2018
Styret i SIMAS IKS

Jøril Hovland
Jøril Hovland
Styrelseiar

Edith Valeberg Eggum
styremedlem

Åge Skrede
Åge Skrede
Nestleiar
Ivar Kvalen
Ivar Kvalen
styremedlem

Ingebjørn Gilj
Ingebjørn Gilj
styremedlem
Hallvard Thomassen
Hallvard Thomassen
Direktør

Note 1: Rekneskapsprinsipp:
Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.
Følgende rekneskapsprinsipp er nytta:
Debitorar pr. 31.12.17 er vurdert til pålydande med reduksjon for avsetning tap på krav kr. 135.000,-.
Varelager er vurdert til innkjøpspris.
Eigenkapitalinnskot KLP er fert som anleggsmiddel.

Note 2: Tilsette, godtgjersler og løn til tilsette, m.m.:

	2017	2016
Lenskostnader		
Lener:	kr 13 490 529,10	kr 11 788 423,21
Arbeidsgjeveravgift:	kr 1 680 919,42	kr 1 408 465,37
Pensjonskostnader:	kr 1 251 094,76	kr 1 338 213,25
Andre personalkostnader:	kr 459 583,81	kr 267 937,42
Sum lønskostnader:	kr 16 882 127,09	kr 14 803 039,25
Gjennomsnittleg tal tilsette:	36	22
Kostnadsført revisjonshonorar utgjer:	kr 52 530,00	kr 39 490,00

Godtgjersler til leie:
Løn/annan godtgjersle:

Dagleg leiar:
kr 922 358,98 kr 869 012,07

Styrelseiarhonorar

Styrelseiar
kr 87 700,00 kr 89 000,00

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Pensjonsforpliktelser er dekkja gjennom dei normale forsikringane i KLP.

Note 3: Driftsmidlar:

	Kostpris:	Avgang/ Tilgang:	Sats:	Årets avskriva.:	Akk. avskravn.:	Bokført 31.12.17:
Tomter, bygninger o.a fast eigedom	kr 112 930 944,00	kr 10 630 148,00	2-10% kr	kr 3 949 993,00	kr 48 307 151,00	kr 64 623 793,00
Maskiner og anlegg	kr 18 882 534,00	kr 563 117,00	20% kr	kr 1 161 323,00	kr 16 376 534,00	kr 2 506 000,00
Driftslosere, inventar o.a utstyr	kr 25 315 246,00	kr 1 230 747,00	10-33% kr	kr 1 400 745,00	kr 19 441 535,00	kr 5 873 711,00
SUM:	kr 157 128 724,00	kr 12 424 012,00		0 kr	kr 6 512 061,00	kr 84 125 220,00
				kr	kr	kr 73 003 504,00

Tilgang er finansiert ved lån i Kommunalbanken.

Note 4: Aksjar:

Selskap:	Total aksjekapital:	Tal aksjar:	Pålydande:	Overkurs:	Bokført verdi:
REKOM AS	kr 1 750 000,00	48	kr 500,00	kr 1 000,00	kr 101 651,00
RETURA AS	kr 1 580 000,00	60	kr 1 000,00	kr 1 800,00	kr 108 000,00
SIMAS Nærings AS	kr 500 000,00	500	kr 1 000,00	kr 6 797,00	kr 506 797,00

Note 5: Bundne midlar:

Av samla bankinnskot er kr.750.000,- bundne skattetrekksmidlar.

Note 6: Langsigkt gjeld, pantsetjingar og garantiar:

Eigarkommunane er garantistar og er gjensiigj ansvarlege for alt låneoptak.

Det er i 2017 avsett kr. 350.000,- i etterdriftsfond.

Samla verdi etterdriftsfond utgjer pr. 31.12.17 kr. 3 885.200,-.

Note 7: Obligatorisk tenestepension

SIMAS IKS pliktar å ha eigen tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Føretaket sin tenestepensjon vert administrert av Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

KLP oppfyller krava etter denne lova.

Note 8: Avdelingsfordeling

	Kommunalt	Slam	Næring	Totalt
Driftsinntekter	kr 39 351 451	kr 5 378 988	kr 25 064 651	kr 69 795 090
Driftsutgifter	kr -33 223 218	kr -7 115 798	kr -21 232 290	kr -61 571 306
Avskrivning	kr -4 037 927	kr -298 155	kr -2 175 979	kr -6 512 061
Driftsresultat	kr 2 090 306	kr -2 034 965	kr 1 656 381	kr 1 711 722
Finanspostar	kr -554 221	kr -37 704	kr -266 126	kr -858 051
Resultat	kr 1 536 085	kr -2 072 669	kr 1 390 255	kr 853 671
Ulikna skatt 2016 - ikkje avsatt			kr -337 974	kr -337 974
Betalbar skatt 2017			kr -333 661	kr -333 661
Resultat	kr 1 536 085	kr -2 072 669	kr 718 620	kr 182 036
Fond 01.01.2017	kr -280 518	kr 1 916 768		
Resultat 2017	kr 926 987	kr -1 792 684		
Fond 31.12.2017	kr 646 469	kr 124 084		



Til
SIMAS IKS

UAVHENGIG REVISORMELDING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen 2017

Konklusjon

Vi har revidert Simas IKS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 853 672,-. Årsrekneskapen omfattar av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Simas IKS per 31. desember 2017, og resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta denne datoene i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisionsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisionsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har følgt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisionsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Annan informasjon

Lelinga er ansvarleg for anna informasjon. Annan informasjonen omfattar årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon, og vi atesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den informasjonen og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande innehold vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen innehold vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ingenting å rapportere i denne samanheng.

Styret og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiari er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen, og for at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilet i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg. Lelinga er ansvarleg for slik intern kontroll som styret og dagleg leiari finn nødvendig for å gjøre det

mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av økonomisk utruskap eller feil.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leininga ta standpunkt til selskapet sin evne til fortsatt drift og på tilbørleg måte opplyse om forhold av tyding for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneholder vår konklusjon. Tilfredsstillande tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at revisjonen som er utført i samsvar med lov, forskrift og god communal revisionsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelegheit kan forventast å påverke økonomiske vedtek som brukarane vedtek basert på årsrekneskapen.¹

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om vidare drift og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leininga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 3. april 2018

Odd J. Storebø

Odd Jakob Storebø
Revisjonssjef

¹ Linken under viser revisors oppgaver og plikter
http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger_revisors_oppgaver_og_plikter





SIMAS
Ressursar på rett veg

Adresse: Festingdalsvegen 368, 6854 Kaupanger

Tlf: 57 65 70 70 | E-post: post@simas.no

www.simas.no